

Holon Bergen AS

Att:

Kanalveien 11

5068 BERGEN

Alver kommune - Uttale til varsel om oppstart av reguleringsendring for del av gnr81 bnr1. m.fl. Risøy

Vi viser til brev frå Holon Bergen AS datert 9. januar 2020 om ovannemnde sak.

Rolle, ansvar og medverknad

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande organ innanfor fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgjer for desse næringane er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Kort om planen

Føremålet med planarbeidet er å oppdatere reguleringsplanen i tråd med eksisterande situasjon og gjeldande kommuneplan, samt legge til rette for køyreadkomst og parkering på hyttetomtene. I tillegg vil endringa omfatte auke av utnyttingsgrad for fritidsbustad og naust, i tråd med gjeldande kommuneplan og nyleg endring av detaljregulering for Risøy hyttefelt. Det skal ikkje leggest til rette for fleire fritidseiningar. Planarbeidet medfører hovudsakleg ein oppdatering og modernisering av planen i tråd med gjeldande regelverk og nyare tids reguleringspraksis.

Uttale frå Fiskeridirektoratet region Vest

Det er registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk kalla Rissaosen-Aust av Njøten i sjø som grensar til deler av planområdet. Sidan planen i hovudsak gjeld oppdatering i tråd med eksisterande situasjon og gjeldande kommuneplan, og det ikkje er nemnt tiltak i sjø, kan vi ikkje sjå at denne planen vil føre til negative konsekvensar for det nemnte gytefeltet.

Vi ber om å få planen på høyring når den er klar for offentleg ettersyn.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ina Giil Solheim
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



Mottakarliste:
Holon Bergen AS

Kanalveien 11

5068 BERGEN

